

SAMNANGER KOMMUNE

Høyringsinstans;
postmottak@kd.dep.no

Saksnr/Løpenr.
08/00001/000378

Arkivkode
B13 &13

Dykkar ref.:

Avd/Sek/Saksb
SEN/ADM/HLV

Tysse, 06.02.2008

MELDING OM POLITISK VEDTAK - HØYRING - ENDRING I OPPLÆRINGSLOVA VEDK KRL-FAGET.

Me melder med dette frå at Utval for oppvekst og omsorg den 05.02.2008 hadde føre
følgjande sak: 0002/08. Det vart gjort slikt vedtak:

###

- Det er viktig at alle fag i skulen er i samsvar med Menneskerettserklæringa.
- Det kan verka som regjeringa går unødvendig langt i høve til domen i den Europeiske Menneskerettsdomstolen, når det gjeld å redusere kristendommen sin plass i faget.
- Samnanger kommune meiner lov og føreskrifter om faget tydlæg bør innehalda formuleringar som gjev grunnlag for at kristendomen, som har prega vårt land si utvikling og kulturgrunnlag dei siste tusen åra, framleis kan stå i ei særstilling i skulen si undervisning.
- Det er ingen grunn i høve til domen i å problematisera at eit land sin skule gjev ein kvantitativ grundigare innføring i den religionen som historisk og kulturelt har prega og pregar landet mest.

Kristendomen har vore og er grunnlag for norsk lovgjeving og rettsforståing. Norsk ungdom treng difor bli kjent med både det moralske og etiske grunnlaget som ligg i kristendomsfaget.

Hilde-Lill Våge
ass. administrasjonssjef

Vedlegg: Ingen
e-Kopi: ordførar